

# Retningslinjer for tilskott til taubanedrift, o.a. i 2022 i Aure kommune.

Fastsett den 09.03.2022 med vising til §3 i «*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*».

## **Driftsformer som ordninga omfattar:**

- Taubane-/ slepebanedrift. (Krav om godkjenning av skogbruksjef)
- Drift med T-vinsj. (Krav om godkjenning av skogbruksjef)
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terregn for å minske behovet for graving i hogstfelt.
- Drift med lang driftsveglengde der det ikkje er økonomisk grunnlag for å byggje skogsbilveg. (Krav om godkjenning av skogbruksjef)
- Treslagsskifte, for hogst av lauv og hogst furu på høg bonitet (G17 og høgare). (Krav om forhandsgodkjenning av skogbruksjef)

## **Vilkår:**

- Taubanedrift skal berre prioriterast der gravedrift eller drift med T-vinsj ikkje kan gjennomførast.
- Virket skal vere registrert i virkesdatabasen.
- Kommunen skal førehandsgodkjenne alle taubane-/slepebanedrifter og T-vinsj drifter. (Minstealder på ulike bonitetar for taubanetilskot i botn av dette dokumentet)
- Vedtak om driftstilskot skal innehalde naudsynte vurderingar i høve til naturmangfaldlova, jf. eigen rettleiar frå Landbruksdirektoratet som kom i 2015.
- All skogsdrift skal gjennomførast i tråd med Forskrift om berekraftig skogbruk.
- Det skal kan settast vilkår ~~om forynging~~ ved løying av tilskot.
- Det skal ikkje gis tilskot der areal skal omdisponerast.
- Tilskot til lang terrengrtransport skal bare givast der skogeigar/tømmerkjøpar dokumenterer at det ikkje er lønnsamt med veg. Dette kan dokumenterast med lønnsomhetskalkulator på [www.skogsvei.no](http://www.skogsvei.no) → Økonomi. Tilskot til lang transport skal ikkje givast der det finns alternative transportruter som inneber kortare kjøring.

## **Søknad, sakshandsaming og utbetaling:**

- Søknad på skjema LDIR-916 skal nyttast.
- Prioriteringsfrist for taubanetilskot er 1. juni. Fortløpende behandling før frist.
- Kommunen løyver, kontrollerer, vurderer støttenivå og attesterer.
- Fylkesmannen føretok utbetaling.
- Minste beløp for utbetaling er kr 2.000.

## **Tilskotssatsar:**

- Taubanedrift furu og lauv: 200 kr/m<sup>3</sup>
- Taubanedrift gran: **150 kr/m<sup>3</sup>**, maks 10.000 kr/daa.
- Tilskudd til drift med T-vinsj: 20 kr/m<sup>3</sup>.
- Manuell felling til hogstmaskin i bratt terregn. 60 % tilskot for dokumentert kostnad. Inntil 450 kr/time.
- Driftsveglengde over 1,3 km: 20 kr/m<sup>3</sup>, over 2 km: 40 kr/m<sup>3</sup>.
- Ved treslagsskifte, med forhandsgodkjenning av kommunen: inntil 100 kr/m<sup>3</sup> for hogst av lauv, og inntil (70) kr/m<sup>3</sup> av furu på høg bonitet (G17 og høgare).

Maksimalt to av tilskotsordningane kan kombinerast.

Det vert ikkje løyvd tilskot til taubanedrift der bestandsalder er lågare enn:

Bonitet	Lågaste hogstalder	Kommentar
G23	60	Alderskrav kan fråvikast av helsemesige eller andre årsakar, ved vurdering og godkjenning frå skogbruksjef.
G20	65	
G17	70	
G14	75	